

## Vi treng eit krafttak for distrikts-Noreg!

Under den borgarlege regjeringa har det funne stad ei massiv sentralisering av arbeidsplassar, offentlege tenester og avgjerdsrett, med negative følgjer for folk og lokalsamfunn i distrikta. For å snu denne utviklinga treng vi fleirtal for ei ny raud-grøn regjering ved valet hausten 2021.

Ei ny regjering må føre ein politikk som flyttar offentlege avgjerder og tenester nærare folk og tek omsyn til at ulike lokalsamfunn og regionar har ulike behov. Det trengst ein ny giv i distriktpolitikken. Ein ny distriktpolitikk må femne om utforming av attraktive lokalsamfunn og regionar, klimatilpassing, næringsutvikling, offentlege tenester, kulturtilbod, transport og infrastruktur.

Vi vil at ei ny regjering skal:

- Utvikle meir attraktive og slagkraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar i distrikta ved å auke takta i utbygging og utbetring av vegar med regional nytteeffekt, og ved å gje auka støtte til kollektivtransport innan nærregionen.
- Styrke distriktsprofilen på verkemiddel for nærings- og bedriftsutvikling, og vurdere attreising av Distriktsutbyggingsfondet.
- Utvide nedslagsfeltet og redusere satsane for differensiert arbeidsgjevaravgift i distrikta.
- Styrke kommunane og fylka sitt arbeid med klimatilpassing gjennom større tilskot.
- Legge nye statlege arbeidsplassar til regionale senter i heile landet, og vurdere utflytting av heile verksemder eller enkelte avdelingar i statlege etatar og organ. Ved å utnytte digital kommunikasjon kan slik utflytting gjerast utan at dagens tilsette må flytte.
- Syte for ein desentralisert struktur i vidaregåande opplæring, slik at elevane har eit godt utval av studieprogram i eigen region.
- Syte for gode nærskulemiljø i grunnskulen ved aktivt å leggje til rette for desentralisert skulestruktur. Særleg i kommunar der dette er naudsynt av hensyn til lang skuleveg, og der distrikt og bygdesamfunn står i fare for å bli avfolka.
- Syte for at distrikta blir sikra ein større del av offentleg støtte til kunst og kultur, inkludert etablering og drift av kulturhus.
- Syte for utbygging av ein likeverdig digital infrastruktur over heile landet.
- For store delar av Vestland er ei utbetring av fylkesvegnettet heilt avgjerande for både næringsliv og busetnad. Løyvingane til rassikring må aukast
- Utreie ei rettferdig fordeling av skatt mellom heimkommune og hyttekommune.

- Overføringane til kommunene må auke for å sikre kommunane handlingsrom til å skape gode leve- og livsforhold.
- Oppretthalde domstolane i distrikta
- GIEK og Eksportkreditt legges til Vestland, alternativt i samarbeid med Møre og Romsdal